

Årsmelding 2025 Sunnfjord Idrettsråd, signering.

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Herstad, Jan Magne (04.12.1958), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Vassdal, Ole Morten (09.01.1973), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Edvardsen, Siss-May (05.09.1972), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Norevik, Arthur Henning (12.02.1959), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Sande, Sissel Karin Holme (06.01.1970), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Tefre, Berit Holstad (19.09.1964), signert 26.06.2026 med Signicat Sign BANKID
- Steinsund, Bjørn Anders (26.07.1963), signert 29.06.2026 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

ÅRSMELDING

SUNNFJORD IDRETTSRÅD

2025

STYRET:

- Jan Herstad, leiar (Naustdal)
- Arthur Norevik, nestleiar (Førde IL)
- Bjørn Anders Steinsund, styremedlem (Jølster)
- Sissel Sande, styremedlem (Førde)
- Siss-May Edvardsen, styremedlem (Naustdal)
- Ole Morten Vassdal, styremedlem (Gaular)
- Berit Tefre, styremedlem (Førde IL)
- Agnar Bøyum, varamedlem (Jølster)
- Hilde Lauritsen, varamedlem (Førde)

VALNEMND:

På årsmøte i 2025 blei det ikkje valt ny valnemnd. Styret fekk i oppdrag å finne ny valnemnd. I løpet av hausten har styret peika ut ny valnemnd etter innspel ifrå idrettslaga. Denne fungerer for valet på årsmøtet i 2026 og blir formelt valgt der.

- Odd Hagen (Førde) 2 år. kallar nemnda saman.
- Øystein Erland (Førde) 1år.
- Kristin Årdal Mallesvik (Jølster) 1 år.
- Inge Holsen (Gaular) 2 år.
- Jan Magne Åsnes, (Naustdal) 1år.

KONTROLLUTVAL

Leiar: Oddvar Huseklepp.
Medlem: Svein Inge Midtun.
Medlem: John Hjelkrem.

KONTAKTGRUPPER:

Hafstadparken, samarbeidsnemnda:

- Arthur Norevik

17.mai-komiteen:



- Sissel Viddal Laache
- Vara: Odd Hagen

Hovudkomiteen for Førdehuset sitt 50-årsjubileum.

- Arthur Norevik representerer idrettsrådet.

Lars Idar Vegsund, Førde il. Er medlem i VIK sin anleggskomite.

Leiar i idrettsrådet, Jan Herstad, har representert idrettslaga i styret for VM 2025.

SAMARBEID:

Sunnfjord idrettsråd vart skipa 28.oktober 2019. Førde idrettsråd vart avvikla på årsmøtet for 2019, og midlane frå Førde idrettsråd vart overført til Sunnfjord idrettsråd.

Sunnfjord idrettsrådet har samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune som ligg til grunn for arbeidet.

Kommunen har oppretta link på heimesida med informasjon om idrettsrådet. Slik at idrettsrådet blir meir synlege for medlemmar og innbyggjarar generelt.

<https://www.sunnfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/fagrad-for-idrett-og-kultur/>

Her er til kultur og idrett sine sider: <https://pub.framsikt.net/2026/sunnfjord/bm-2026-hp26s#/budsja/orgstructuremain/60>

MØTER / TILSTELLINGAR / SAKER:

Årsmøte for 2024 var i FIL-huset 28. april 2025. I 2025 har vore halde 4 styremøter. På styremøte i mars hadde vi synfaring i Naustdalshallen.

Kommunen ved Anne-Grete N. Rognsøy deltek fast på styremøta. Anita Nordheim deltek etter behov.

Det har vore diverse møter med kommunen, idrettskretsen, NIF og andre interessegrupper. I juni var det Idrettspolitisk dag i Hafstadparken med blant andre idrettspresident Zaineb. I september Trygg på trening i FIL-huset, i samarbeid med VIK. VM-konferanse, Krafta vår i oktober. Idrettspolitisk dialogmøte VIK og idrettsråd i oktober i Concordbygget.

Sakene har vore: Retningslinjer for tilskotsmidlar til lag og organisasjonar. Retningslinjer tildeling av fast treningstid i idrettshallane. Uttale i november til kommunestyre om nedskjeringa av driftsstøtte til turn i Dragehallen. Svara på spørsmål i idrettsrådrapporten. Prioritert spelemiddelsøknader for 2026. Kommunen arbeider med å lage ein mal for ansvar, drift, og utvikling av kommunale fotballbaner.(Øyaflata) Samt å få ei oversikt over noverande avtalar. Idrettsrådet har teke opp med kommune å få utarbeida ei oversikt over eigarskap og driftsavtaler for anlegg kommunen er involvert i.

VM i vektløfting 2025 i oktober blei svært vellukka både sportsleg og økonomisk. Stian Grimseth, Rolf Kjetil Egge, Knut Folkestad og styreleiar i VM2025 Nils R. Sandal har lagt ned ein formidabel innsats for å løse arrangementet i hamn på best mogeleg måte. Med 1000 frivillige er det lagt ned 20000 dugnadstimar. Det er delt ut utstyr til idrettslaga for 15 mill, betalt 4 mill i dugnadskompensasjon. Saman med eit overskot på om lag 5,7 mill gjev det eit overskot på 25 mill. For ytterlegare informasjon vises til pressemelding datert 16. januar 2026 frå VM i vektløfting AS.

I januar 2026 kåra idrettsrådet Beate Kårstad Støfring til årets idrettsprestasjon i Sunnfjord. I



januar 25 blei Gjøren Tefre kåra til årets idrettsprestasjon. Arrangør Sunnfjord Galla.

MEDLEMSTAL: 2024.

Sunnfjord idrettsråd har 27 medlemslag og 6688 medlemmer. Av desse er 2722 kvinner, 1514 stk. i alder 0-19 år og 3966 menn, 1926 stk. i alder 0-19 år. Medlemstala finn ein på lags- og aktivitetsoversikten i Sportsadmin til Norgesidrettsforbund.

<https://www.idrettsforbundet.no/digital/sportsadmin/> I 2024 blei Sunnfjord Amerikanske idrettslag medlem i NIF og dermed også i Sunnfjord idrettsråd.

FORDELTE MIDLAR TIL IDRETTE:

Styret har i 2025 fordelt kulturmidlar/driftsmidlar frå kommunen til idrettslaga med kr 620.000,-. Minstesats er kr 500, fordelt med 1/3 etter medlemstal 6-12år og 2/3 etter medlemstal 13-19år. Av dette kr 20.000,- til idrettsrådet.

Ordinære LAM-midlar med kr 2.537.294,-. Av dette kr 15.000,- til idrettsrådet.

Minstebeløpet er kr 1000, 1/3 etter medlemstal 6-12 år og 2/3 etter medlemstal 13-19 år. Som er forenkla matematisk modell.

Ekstramidlar vår på kr 227,777,-. Minstebeløp 3000kr. Ekstra innsats haust 322.349,-.

Minstebeløp 5000kr. Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret i Sportsadmin.

Totalt er det fordelt ut til idrettslaga kr 3.707.420,-.

ANLEGG:

Strategisk viktige anlegg er Symjeanlegget i Førdehuset, Fotballhall i Hafstadparken, og Førde Arena. Idrettsrådet har tidlegare meldt inn desse anlegga til Idrettskretsen si kartlegging av slike anlegg. I februar 25 har kommunen saman med idrettsrådet sendt inn på nytt til fylkeskommunen og NIF. Langeland skisenter burde også kunne definerast som eit strategisk viktig anlegg.

Kommunen planlegg bygging av ny symjehall i Førdehuset. Fram til ferdigstilling av brua står uteområdet ved Førdehuset på vent, og det er hemmande for vidare utvikling. Det er viktig at kommunen i arealplanlegginga set av nok areal rundt Førdehuset til framtidig utvikling i eit langsiktig perspektiv.

Reguleringsplanarbeidet for eventuell fotballhall i Hafstadparken er under arbeid.

For søknadsåret 2026 er det inne søknader om spelemidlar for 22 ordinære anlegg, samla søknadssum kr 13 505 000,- og 7 nærmiljøanlegg til samla søknadssum kr 2 517 000,-.

OPPGÅVER FRAMOVER:

Styret meiner at samarbeidet med kommunen fungerer svært godt og at dette er viktig for både idretten og kommunen å halde på. Utan eige sekretariat i idrettsrådet er eit godt samspel med kommunen avgjerande for at idrettsrådet skal kunne utøve den rolla vi er sett til å gjere. Som blir regulert gjennom samarbeidsavtala og NIF sine retningslinjer for idrettsråda.

Nøkkelpersonane i samarbeidet med kommunen er einingsleiar for idrett og friluftsliv og kommunalsjef for kultur og idrett. Kommunedirektøren og ordførar er og viktige kontaktpunkt for idrettsrådet.



Det bør lagast ein strategi for realisering av dei strategisk viktige anlegga. Samt å auke innsatsen for reablitering av anlegg som treng fornying pga. miljøkrav og stor slitasje. Idrettsrådet for Sunnfjord kommune ynskjer å vere involvert i utfordringane med drift av anlegga i Sunnfjord kommune. Vi ynskjer å få oversikt over kva eigarskap dei ulike anlegga har, dagens driftskostnad og framtidige kostnader som er for dei ulike anlegg.

Utdanning av trenarar og leiarar er også noko vi vil oppmode våre medlemmar om å prioritere framover. I det ligg også at idretten skal vere ein møteplass der barn og ungdom under leiing av vaksne skal ha full trygghet for å ikkje bli utsett for uønskt handlingar i eit dopingfritt treningsmiljø. Beste måten å trygge barna og ungdom på er å «sjå» dei og vere oppmerksam på signal som kan vitne om at dei treng nokon å snakke med.

Neste kommuneval er i 2027 og idrettsrådet må arbeide aktivt for å fremje idretten sine interesser overfor kommunepolitikarane.

ØKONOMI:

Arbeidet i Idrettsrådet er basert på dugnadsprinsippet, og har svært låge kostnader. Her viser vi til vedlagt rekneskap. Idrettsrådet fekk i år kr 20.000,- i tilskot frå kommunen. Frå LAM er tilskotet kr 15.000,-. Inntekta er kr 35.666,- og utgiftene kr 8.090,- og overskot kr 27.576,-. Saldo i bank 31.12.25 er kr 115.141,77,-. Med auka kostnader på reiser og opphald vil kostnadane med å møte på ordinære opplegg innan idretten auke dei kommande åra. Frå 2024 har NIF opna opp for at inntil 5% av LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet under føresetnad av at kommunen yter tilsvarende i tilskot. I eiga sak vedtok årsmøtet at inntil 5% av dei ordinære LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet, avgrensa til same beløp som kommunen yter i tilskot.

Naustdal, 19.03.2026.

Jan Herstad
-leiar-

Arthur Norevik
-nestleiar-

Siss-May Edvardsen

Bjørn Anders Steinsund

Sissel Sande

Berit Tefre

Ole Morten Vassdal

